

Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, Fitjar kommune, Vestland

Fastsett av Fitjar kommune DATO med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova § 28 jf forskrift om brannførebygging § 17.

§ 1 Føremål

Forskrifta har som føremål å regulera gjennomføring av tilsyn og feiing av fyringsanlegg, slik at risikoen for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp vert redusert som mykje som mogleg.

Forskrifta skal regulera gebyrordninga for tilsyn og feiing.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld tilsyn og feiing av alle fyringsanlegg i Fitjar kommune der det er krav om dette.

§ 3 Definisjonar

1. Eigar: Den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt
2. Feiing: reingjering av røykkanal og uttak av sot
3. Fyringsanlegg: omn, sentralvermekjel eller varmluftkjel, der varme skal verta produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inkludert røykkanal og matesystem for brensel.
4. Matesystem: anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel
5. Røykkanal: kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrøyr og skorstein
6. Skorstein: vertikal del av fyringsanlegget, som kan innehalda fleire røykkanalar
7. Tilsyn: kontroll med at fyringsanlegget er intakt, fungerer som føreset og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade. Brannførebyggjar kan og få oppgåver som å kontrollera at det i brannobjektet er deteksjon (røykvarslarar), slökkjeutstyr og tilfredsstillande moglegheit for rømming ved brann.
8. Brannførebyggjar: ny tittel for feiar.

§ 4 Gjennomføring og hyppigheit på tilsyn og feiing

Tilsyn og feiing vert gjennomført risikobasert (ut i frå kartlagt risiko), og hyppigheit vert fastsett i tråd med risikovurdering. Brannførebyggjar vurderer hyppigheit på grunnlag av erfaring frå tidlegare gjennomført tilsyn og feiing, alder, type, tilstand til fyringsanlegget og omfang av bruken og set opp ein rullerande plan for gjennomføring av lovpålagd tilsyn og feiing.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegget skal det utførast tilsyn.

Tilsyn og feiing av bustadar og fritidsbustadar kan utførast på same dag.

§ 5 Feie- og tilsynsgebyr

Kommunestyret fastset årsgebyr for tilsyn og feiing.

Kommunen skal dekkja sine kostnadar i samband med gjennomføring av lovbestemt tilsyn og feiing etter sjølvkostprinsippet med 100% dekningsgrad.

Gebyret er knytt til tilsyn- og feieordninga, og er difor ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn vert gjennomført.

Gebyret dekkjer både tilsyn og feiing.

Det skal krevjast inn gebyr for alle bygg som har eitt eller fleire faste fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming. Dette gjeld uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. Gebyret gjeld pr røykkanal.

Gebyret vert innkravd sjølv om brannførebyggjar ikkje har fått tilfredsstillande åtkomst, og av den grunn ikkje har utført tilsyn og feiing.

Eigar av eit byggverk skal melde frå til kommunen når det er installert ny eldstad eller gjort andre vesentlege endringar ved fyringsanlegget, jf. forskrift om brannforebygging. Dersom eigar av byggverk unnlèt å melde om installasjon av fyringsanlegg, kan kommunen krevje gebyr etterbetalt frå det tidspunkt installasjonen av fyringsanlegget vart utført.

§ 6 Kva gebyret skal dekkja

Gebyret skal dekkja

- Tilsyn og feiing i tråd med gjeldande regelverk
- Kontroll etter brann eller eksplosjon ved fyringsanlegget
- Varsel om tilsyn/feiing
- Informasjonstiltak knytt til brannførebygging
- Sakshandsaming

§ 7 Fritak for gebyr

Fitjar kommune kan gje fritak for gebyr for bygningar som ikkje har fyringsanlegg som er i bruk. Som tilstrekkeleg sikring mot bruk er fysisk skilje mellom eldstad og pipe.

Eigar er ansvarleg for å informera kommunen om at fyringsanlegget ikkje er i bruk, og for å tilpassa fyringsanlegget slik at det ikkje kan nyttast til oppvarming.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå **[DATO]**

Frå same tidspunkt vert forskrift som feiing og branntilsyn gjeldande frå 1.1.1993 oppheva.